




Høringsnotat av 26. november 2013 om

Endra avkortingsreglar for kystflåten ved strukturering




Høringsfrist 10. januar 2014

1 Innleiing

I Meld. St. 22 (2012–2013) Verdens fremste sjømatnasjon (Sjømatmeldinga) foreslo regjeringa Stoltenberg å heve kvotetaka for kystflåten. Samtidig foreslo dei å heve avkortinga frå 20 prosent til 30 prosent for strukturering ut over 3 ganger grunnkvoten. Under behandlinga av Sjømatmeldinga 10. juni 2013 sa stortingsfleirtalet, med unntak av Høgre og FrP, seg samd i dette. Forskrift 7. november 2003 nr 1309 om spesielle kvoteordninger for kystfiskeflåten vart endra i kongelig resolusjon 14. juni 2013.

2 Om avkorting av strukturkvotar

Når det vart innført strukturkvoteordning for kystflåten i 2003 vart det samstundes beslutta at strukturkvotane skulle avkortast med 20 prosent som skulle gå tilbake til den lengdegruppa som det uttatte fartøyet tilhørde. Dette skal bidra til at alle fartøy i fartøygruppa får nytte godt av ein umiddelbar strukturgevinst i form av høgare kvotar. Ordninga er skissert i figur 1.



Figur 1. Strukturering i kystflåten

Strukturkvoteordningane har blitt utvida i fleire etappar sidan 2003. Den siste endringa var i juni 2013, då kystfartøy med heimslengd over 11 meter fekk auka sine kvotetak. For fartøy med heimslengd over 15 meter er kvotetaket no fire gonger fartøyet si grunnkvote innanfor ein av sektorane og to innanfor den andre (4 + 2), eller alternativt tre gonger fartøyet si grunnkvote, både i torskesektoren og i pelagisk sektor (3 + 3). Det er denne gruppa som no vert råka av auka avkorting ved strukturering ut over tre gonger grunnkvoten.

Bakgrunnen for å auke avkortinga var i følge sjømatmeldinga at:

”Den ekstra avkortningen vil gå tilbake til reguleringsgruppen og bidra til ytterligere å styrke kvotegrunnlaget for samtlige fartøy i gruppen når enkelte nytter strukturvoteordningen. Vi oppnår dermed en utjevnende effekt som ivaretar likhetshensyn innad i gruppen, samtidig som en økt avkortning også kan ha en viss prisdempende effekt.”

Med dagens kvotetak kan ein fartøyeigar sjølv bestemme om han ønskjer å spesialisere seg innanfor ein av sektorane eller om han vil vere like stor i begge sektorar.

Likevel er det berre ”spesialistane” som vert råka av den ekstra avkortninga.

Departementet meiner at dersom ein skal likestille dei som vil vere generalistar og dei som vil vere spesialistar, så er ei slik ekstra avkortning uheldig.

Når det gjeld effekten for fellesskapet, er det vanskeleg å talfeste kor mange fartøy som vil verte tekne ut av fiske som følgje av auka kvotetak, og enda vanskelegare å setje tal på kor mange av fartøya som vil strukturere som vil velje å spesialisere seg med 4 kvotefaktorar innanfor enten kvitfisk eller pelagisk. Det er derfor ikkje mogleg å seie noko sikkert om den kvotemessige effekten ei auka avkortning som ei strukturering utover 3 gangar grunnkvota vil gi. Ein eventuell prisdempande effekt vil også vere vanskeleg å talfeste. Ein kan likevel legge til grunn at desse effektane vil være svært begrensa.

Eit anna moment som taler for å reversere avkortingsreglane er at det å ha forskjellige avkortingsprosentar avhengig av struktureringsgraden vil være ei komplisering av regelverket, særleg på lengre sikt. Regelverket vil bli mindre tilgjengeleg for aktørane, og det vil verte nødvendig med noko meir ressursbruk i forvaltinga.

Departementet ser derfor ingen grunn til å ha differensierte avkortingsprosentar, og gjer framlegg om at avkortninga vert endra tilbake til å vere 20 prosent i alle høve.

3 Omfanget for dei som allereie har fått avkortning på 30 prosent

Strukturering skjer i høve til gjeldande regelverk, og i prinsippet skal ikkje ei endring i avkortingsreglane ha tilbakeverkande kraft for dei som eventuelt måtte ha strukturert og fått avkortning på 30 prosent.

Departementet meiner likevel at sidan denne ordninga har fungert i så kort tid, og det i skrivande stund, fem månader etter at strukturforskrifta vart endra, så langt departementet er kjent med berre har vore to saker der dette er tilfellet, kan ein ved ei endring av avkortingsreglane gi desse fartøya den ekstra avkortninga tilbake som ekstra kvote. Dette vil ha ein viss verdi for dei gjeldande fartøya, men vil ikkje ha merkbar

verdi for resten av fartøygruppa. Departementet ønskjer å høyre instansane sitt syn på dette.

4 Oppsummering og forskriftsforslag

4.1 Departementet foreslår såleis at

- Avkortinga av strukturkvotar vert på 20 prosent, og det vert ikkje diskriminert mellom dei ulike kvotane.

4.2 Ny bestemmelse:

Det vert foreslått følgjande endring i forskrift 7. november 2003 nr 1309 om spesielle kvoteordningar for kystfiskeflåten:

§ 11 fyrste ledd (endra) skal lyde:

Strukturkvote tildeles for ett år av gangen, og kan tildeles i inntil 20 år.

Strukturkvoter som er tildelt første gang før 2007, kan tildeles i inntil 25 år regnet fra og med 2008. Strukturkvoten skal tilsvare kvotefaktoren for det fartøyet som tas ut av fiske, men avkortet med 20 % av denne.